



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 28.04.2015

Vår ref.: 2015/5150

Arkivnr.: 350

Fylkesberedskapsrådet i Rogaland
Sjå adresseliste

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Invitasjon til møte i Fylkesberedskapsrådet i Rogaland 29. mai 2015

Fylkesmannen viser til referat frå sist møte som de fekk i e-post 9. desember 2014 og e-post 3. februar 2015 der me informerte om at møtedato var endra til 29. mai 2015.

Møtet er i Statens hus, Lagårdsveien 44 i Stavanger.

PROGRAM:

Tema	Tid
Innleiing <i>ved Magnhild Meltveit Kleppa.</i>	Kl. 10.00 - 10.15
Mattilsynet si trugselvurdering for dyresjukdomar og informasjon om kva ny organisering har å seie for beredskapsarbeidet og samarbeidet med andre aktørar <i>ved regiondirektør Hallgeir Herikstad.</i>	kl. 10.15 - 11.00
Pause	kl. 11.00 - 11.15
Forventningar til regionale etatar i samband med kommunal beredskapsplikt. Korleis kan de støtte kommunane i arbeidet med ROS-analyse og beredskapsplan? <i>ved Fylkesmannen sin tilsynskoordinator Grete Flåten</i>	kl. 11.15 – 11.45
Lunsj	Kl. 11.45 - 12.30
Informasjon om arbeidet med utvikling av ein samvirkestrategi for samfunnstryggleik i Rogaland. <i>Ved seniorrådgivar Helen Roth, Rogaland fylkeskommune.</i>	Kl. 12.30 - 13.00
Erfaringar og læring etter ekstremvêret Nina 10. januar 2015 ved <i>Haugaland og Sunnhordland politidistrikt, Haugaland Kraft og fylkesberedskapssjef Reidar Johnsen, Fylkesmannen.</i>	Kl. 13.00 - 13.55 (Kl. 13.00 - 13.15) (Kl. 13.15 - 13.35) (Kl. 13.35 - 13.55)
Ymse og oppsummering <i>ved Magnhild Meltveit Kleppa</i>	Kl. 13.55 - 14.00

I tillegg til dei faste medlemmene i rådet vil me som vanleg invitere ein informasjons-/kommunikasjonsrådgivar til dei etatane som har dette.

Frist for påmelding er 22. mai 2015.

Meld deg på ved å sende e-post til reidar.johnsen@fylkesmannen.no . Hugs å seie frå om de ikkje skal ha lunsj.

Dei som kjem med bil kan parkere i første eller andre underetasje i Statens Hus (betalingsautomat) eller bruke parkeringshuset på jernbanelokket.

Dette brevet blir berre sendt som e-post.

Vel møtt!

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa

Reidar Johnsen
fylkesberedskapssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Reidar Johnsen
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 39
E-post: reidar.johnsen@fylkesmannen.no